

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 4-20/16.

Brosjyra "Vestkystparken" vart delt ut.

ORIENTERINGAR

- Styreleiar Helge Johnsen og dagleg leiar Knut Songve orienterte om **Hordaland idrettskrets**.
- Dagleg leiar Helene Ødven og naturvernansvarleg Nicolas Roderiquez orienterte om **Hordaland turlag**.

YMSE/OPEN TIME

I samband med behandling av PS 18/15 "Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Retningslinjer", bad **May Eva Sandvik (H)** om at utvalet får ei kort orientering om dei ulike tilskotsordningane i neste møte. Resten av utvalet slutta seg til dette.

Kine Bratli Dale (A) bad om at utvalet så snart som mogleg får datoar for ei eventuell studietur/vitjing. Det er ein fordel om reisa kan gjennomførast så tidleg som mogleg i perioden. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett vil kome tilbake med datoar.

På vegner av lag og organisasjonar spurde **Gunn Berit Lunde Aarvik (A)** og utvalsleiar **Beate Husa (Krf)** om når dei kan vente svar på søknadene sine om driftsstøtte for 2016. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte at søknadene vart behandla av fylkestinget i samband med budsjettbehandlinga i desember 2015. Tilsegnings- og avslagsbrev til dei som har søkt vil verte sendt ut innan utgangen av januar. Til neste budsjettprosess vil fylkesdirektøren utarbeide eit samla oversyn over mottekne søknader.

Kjell Håland (A) stilte spørsmål om korleis dei folkevalde bør handtere personlege brev frå verksemder og andre som er involverte i saker der det kan kome motsegner. Fylkesdirektør regional utvikling vil syte for at utvalet får ei orientering om saksbehandling av plansaker i neste møte.

May Eva Sandvik (H) stilte spørsmål om korleis dei folkevalde i utvalet skal handtere alle invitasjonane til deltaking på ulike arrangement/kurs/konferansar. Møteleiaren svarte at dersom arrangementet er lagt fram som referatsak i utvalet, kan utvalet ta stilling til evt. deltaking. Den enkelte kan kontakte møteleiaren for å få evt. godkjent deltaking på vegner av utvalet dersom invitasjonen ikkje er fanga opp av administrasjonen.

På bakgrunn av spørsmål frå utvalsleiar **Beate Husa (Krf)** om det skal etablerast eit fast "synfaringsutval" slik det var i førre fylkestingsperiode, vart utvalet samde om at det ikkje skal vere ei fast gruppe som reiser på synfaringar. Minimum tre folkevalde bør delta på synfaringane.

Utvalsleiar **Beate Husa (Krf)** bad om å få lagt fram sak om følgjande:

"Eg ber om at utval for kultur, idrett og regional utvikling får til handsaming ei sak der endring frå treårig til eittårig tilskot av driftsmidlar på kulturmidlar vert utgreidd."